

Vår saksbehandlar:
Kristian GrutleDirekte telefonnr.:
53 42 30 63Vår dato:
28.08.2006
Dykkar dato:
20.06.06Vår referanse:
2006/1917-01015155/2006
Dykkar referanse:
06/1592-2 SDADet Kgl. Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP
30 AUG 2006
Ark.
Avd. / /

HØYRINGSFRÅSEGN TIL FRAMLEGG OM ENDRINGAR I VALLOVA

Bømlo kommune si høyringsfråsegn byggjer på samrøystes vedtak i formannskapet 22.08.06, med kommentarar som byggjer på administrasjonen si saksutgreiing (som formannskapet ikkje hadde merknader til).

Med "endringsframlegg" er meint dei konkrete framlegga om endringar i vallova, med "endringstema" er meint dei saksområde der departementet ikkje kjem med konkrete framlegg om endringar.

Endringsframlegg nr. 1 (valkort til alle):

Bømlo kommune har ikkje vesentlege innvendingar til departementet sitt framlegg, men dersom ein skal oppnå det som er tenkt må utsendinga av valkort skje så nær opp til valdagen som råd er.

Kommentarar:

Kommunen har ingen vesentlege innvendingar mot obligatorisk utsending av valkort. Men me vil átvara sterkt mot å tru at utsending av valkort på den måten som skjedde i åra 1997-2002 vil ha særleg verdi som informasjonskanal i høve til røysting på valdagen. Valkort som vert mottekne i juli månad vil for dei fleste berre vera eit stykke papir som hamnar i papirkorga eller vert gløymt. Det bør derfor vurderast ei ordning der valkorta vert utskrivne og utsende i månadsskiftet august/september. I tillegg bør utforminga av valkorta vurderast på nytt, med ei vesenleg sterkare typografisk markering av kommune, røystelokale og røystetider – t.d. ved bruk av farga skrift og avvikande skriftbunad.

Endringsframlegg nr. 2 (nye fristar for førehandsrøysting):

Kommunen sluttar seg ikkje til framlegget når det gjeld førehandsrøysting innanriks, men kan under tvil akseptera ny frist for førehandsrøysting i utlandet.

Kommentarar:

I dei tilfelle der førehandsrøyster innanlands innkomne seinast fredag før valdagen ikkje kjem fram innan kl. 20 på valdagen, så skuldast dette anten

- førehandsrøyster innkomne seint fredag er blitt liggjande i kommunen og ikkje postlagde før måndag, eller
- Posten ikkje har gjort jobben sin, ev. ein kombinasjon av desse årsakene.

Eg er sterkt usamd i departementet sitt endringsframlegg. Prinsipielt bør fristen etter kommunen si meining vera søndag, slik det var før Posten overtok ansvaret. Dette er i samsvar med vallovutvalet si innstilling (utvalet meinte prinsipielt at førehandsrøysting bør kunna skje til og med valdagen, men landa av ulike grunnar på dagen før valdagen).

I staden bør Staten inngå avtale med Posten – om nødvendig ved å bruka eigarmakta si – om at alle førehandsrøyster innleverte til posten seinast valdagen skal vera på plass hjå valstyret i veljaren sin heimkommune innan den frist som gjeld (jf. endringsframlegg nr. 4). Dersom viljen er til stades, er det i dag ingen praktiske vanskar med å gjennomføra ei slik ordning. I tillegg må det lovfestast at førehandsrøyster til andre kommunar skal framsendast så raskt som det er praktisk mogeleg, om nødvendig som ekspresspost eller ved bruk av andre kanalar enn posten.

Skulle likevel departementet koma til at omsynet til førehandsrøyster frå veljarar som røystar i annan kommune enn der vedkomande er manntalsførd krev at innlevering må skje seinast torsdag, så er det ingen grunn til å gjera dette gjeldande også for veljarar som førehandsrøystar i eigen kommune. Her er det inga framsendingstid å ta omsyn til, og førehandsrøysting kan av den grunn skje like fram til dagen før valdagen.

Eg er likevel heilt innforstått med at to ulike fristar for førehandsrøysting vil skapa eit informasjonsproblem overfor veljarane, men dette bør likevel etter mi meining ikkje vera til hinder for ei slik ordning..

Bømlo kommune sitt utgangspunkt når det gjeld fristar for førehandsrøysting, har heile tida vore omsynet til veljarar som uventa må reisa frå kommunen dei siste dagane før valet, t.d. ved innlegging på sjukehus, fiske, uventa reiseoppdrag (t.d. serviceingeniørar) eller off. oppdrag. Departementet sitt framlegg inneber at det vil vera heile tre dagar før valdagen der det ikkje vil vera høve til førehandsrøysting – eit etter mi meining alt for stort tomrom. Me må ikkje koma i den situasjonen at store veljargrupper kjenner seg nøydde til å førehandsrøysta for å sikra seg. Elles er mitt prinsipielle utgangspunkt at det må vera langt betre at ei førehandsrøyst vert vraka på grunn av sein postgang, enn at tusen veljarar ikkje får røysta på grunn av at dei uventa må reisa bort dei siste dagane før valet.

Kommunen har ingen vesentlege merknader til framlegget om innkorta frist (fredag ei veke før valdagen) for å førehandsrøysting i utlandet, men ser også dette som ei innsnevring av røysteretten.

Formannskapet skal i neste møte få til orientering og drøfting ei off. utgreiing (NOU 2006:7) om deltaking og engasjement i lokalpolitikken. Eit vesentleg moment i drøftingane i denne NOUen, er korleis ein skal få opp frammøteprosenten ved

lokalval. Departementet sine framlegg om endringar i rammene for førehandsrøystinga er eit steg i motsett retning.

Endringsframlegg nr. 3 (endra frist for å be om å få røysta heime):

Bømlo kommune har ikkje merknader til dette.

Kommentarar:

Kommunen sitt prinsipielle syn er likevel at fristen for å be om å få røysta heime (ambulerande røysting) skal vera siste dag for førehandsrøysting i kommunen. Prinsipielt meiner eg at det bør opnast for ambulerande røysting også på valdagen (valdagane), m.a. for å fanga opp personar som vert sjuke på eller kort tid før valdagen.

Endringsframlegg nr. 4 (ny frist for når førehandsrøyster må vera innkomne):

Ut frå ei samla vurdering sluttar Bømlo kommune seg til framlegget om ny frist for når førehandsrøyster må vera innkomne, men vil få peika på at endringa vil føra til seinare valoppgjjer og ein del praktiske problem.

Kommentarar:

Endringa vil ha som konsekvens at oppteljinga ikkje kan avsluttast og møteboka underskrivast før seint tysdag kveld. Endeleg valresultat vert og utsett ein dag (i praksis til onsdag morgon).

Eg har likevel ingen vesentlege innvendingar mot departementet sitt framlegg. Endringa vil rett nok skapa ein del praktiske problem (m.a. for oppstart av fylkesvalstyra si oppteljing) og ein del ekstra utgifter til overtid og møtegodtgjersle, utan at desse innvendingane kan vera avgjerande.

Etter mi meining bør likevel ei slik endring ha som føresetnad at heile kap. 8 i valforskrifta vert gjennomgått på nytt, og at det vert gjeve vesentleg meir detaljerte reglar om korleis endeleg oppteljing av førehandsrøysting skal gjennomførast, særleg gjeld dette oppteljing av dei førehandsrøystene som kjem inn tysdag. Tryggleik og hemmeleg val er her sentrale poeng.

Endringsframlegg nr. 5 (krav om legitimasjon):

Bømlo kommune støttar fullt og heilt opp om ei slik reform.

Kommentarar:

Denne reforma burde vore gjennomført for lenge sidan, og det er på høg tid at endringsframlegget no kjem. Det vert opplevd som flaut at det må internasjonale observatørar til for å få sett fokus på dette.

Eg er likevel noko i tvil om ordlyden "ukjent for stemmemottaker" er sterk nok, men det er vanskeleg å finna noko betre formulering.

I framlegget til ny ordlyd i § 8-4 nr. 3 står det også at "dersom ikke velgeren har legitimasjon, kan velgerens identitet i stedet bekreftes av en annen person over 18 år som legitimerer seg". Departementet seier elles i kommentarane sine at "denne opplysningen bør i så fall noteres av stemmemottaken/stemmestyret i forbindelse med stemmegivningen, slik at eventuelt misbruk av ordningen kan oppklares og dermed virke avskrekkende på personer som kunne tenkes å misbruke ordningen".

I ei overgangstid vil nok ein slik sikringsregel vera heilt nødvendig (mange nordmenn manglar god nok legitimasjon). Departementet sine kommentarar bør takast inn i valforskrifta, og "bør" må endrast til "skal".

I prinsippet bør det vera slik at **alle veljarar** – kjende og ukjende – må syna legitimasjon. Internasjonal kutyme for "free and fair elections" set krav om legitimasjon frå alle veljarar. På sikt bør dette verta regelen også i vårt land.

Endringsframlegg nr. 6 (krav om manuell teljing):

Endringane bør avgrensast til krav om at all kontrollteljing på grunn av avvik mellom førebels og endeleg oppteljing skal skje ved manuell teljing, jf. endringsframlegg nr. 7.

Kommentarar:

Eg ser poenget med å setja krav om minst ei manuell oppteljing, men dette vil ha langt meir symbolsk enn praktisk verdi. Det er ingen tvil om at både veging av røystesetlar og maskinell teljing er meir nøyaktige enn manuell teljing.

I departementet sine kommentarar saknar eg omtale av **kandidatoppgeret** ved kommunestyre- og fylkestingsval. Det er jo nettopp **kandidatkåringa** ("stikkinga") som ligg til grunn for at kommunane satsar på maskinell teljing. Fordeling på parti skjer mest like raskt – og mykje rimelegare – ved manuell teljing.

Krav om manuell teljing ved den førebels oppteljinga ("grovteljinga") er etter mi meining lite føremålstenleg. Signala frå det nasjonale politiske miljøet når det gjeld grovteljinga har gjennom mange år vore eintydig: Raskt resultat er langt viktigare enn at tala er 100% korrekte. Veging av røystesetlar bør derfor vera ein aktuell teljemåte ved den førebels oppteljinga. Eg gjer merksam på at det som her er skrive gjeld fordelinga på parti. Teljing av røystesetlane i urna – utan fordeling på parti – må etter mi meining skje manuelt, og minst to gonger dersom det ikkje er samsvar mellom kryss i manntalet og talet på røystesetlar (gjeld berre stortingsval, ved lokalval kan ein ikkje gjennomføra slik kontroll).

Bømlo hadde ved stortingsvalet 2005 følgjande prosedyrar for oppteljing av valtingsrøystene:

- Førebels oppteljing i krinsane. Manuell teljing eller bruk at teljevekt. Normal berre ein teljerunde.
- Endeleg oppteljing (sentralt og ved valstyret) ved bruk skannar. Teljinga skjer krins for krins (og det vart korrigert for tvilsame røyster, slik at tala kunne direkte samanliknast). Ved avvik frå førebels oppteljing (som var svært få) måtte krinsen teljast om att manuelt.

Oppteljing av førehandsrøyster skjer etter eit tilsvarande mønster, men slik at førebels oppteljing av førehandsrøyster vert gjennomført i to omgangar. Først manuell teljing, deretter maskinell teljing. Omteljing ved avvik. Denne omstendelige prosedyren var først og fremst for å testa ut det maskinelle utstyret i fred og ro, og ikkje minst for at valstyret skulle få innsyn i korleis utstyret fungerte.

Endeleg oppteljing av førehandsrøyster skulle gjennomførast maskinelt.

Eg meiner at desse prosedyrane fullt ut stettar kravet til sikker oppteljing!

Kommunen er elles heilt samd med departementet når det i sine kommentarar peikar på eit spesielt problem i samband med bruk av så vel teljevekt som maskinell opp-
teljing, nemleg at alle "unormale" røystesetlar (røystesetlar som ikkje er identiske med
dei som fylkesvalstyret og valstyret får trykte, t.d. røystesetlar utan kandidatnamn og
setlar henta på Internett) må bytast ut før veging/skanning. Slik praksis – som er fullt
lovleg – kan skapa tvil om kor seriøs oppteljinga vert gjennomført, og må derfor
følgjast opp av **omfattande** og **streng**e sikrings- og kontrollprosedyrar. Bømlo har
slike prosedyrar, men det er dessverre ein del signal som tyder på at ikkje alle kom-
munar har teke akkurat dette like alvorleg. Departementet bør vurderer nasjonalt
regelverk på dette området.

Endringsframlegg nr. 7 (krav om manuell teljing ved avvik):

Bømlo kommune har ikkje merknader til dette.

Kommentarar:

Eg viser til kommentarane under endringsframlegg nr. 6, om at desse endringane først
og fremst vil vera av symbolsk verdi. Men dersom ei slik manuell omteljing kan vera
med å styrka tilliten til oppteljingsprosedyrane, så er det vert dette meirarbeidet.

Endringsframlegg nr. 8 (førebeles oppteljing av førehandsrøyster):

Kommunen har ingen merknader til dette.

Kommentarar:

Dersom nokon kommunar har bruk for ein ekstra teljedag, bør det ikkje vera noko i
vallova som hindrar dette.

Endringstema nr. 1 (endra skjeringsdato for manntalet):

Flytting av skjeringsdatoen til 30. juni kan gjennomførast utan vesentlege praktiske
vanskar. Endringa vil løysa ein del av problema med røysting i feil kommune, men
målet må vera å få til eit regelverk for manntalsføringa som gjer at ein veljar alltid er
manntalsført i den kommunen han bur på valdagen (av praktiske grunnar standardisert
til 31. august).

Kommentarar:

Kommunen er samd i at skjeringsdatoen vert flytta frå 31. mai til 30. juni, og kan ikkje
sjå at dette vil ha negative konsekvensar for manntalsføringa eller utskrivning av
valkort (reint bortsett frå at det nok vil krevja noko meir fleksibilitet med omsyn til
avvikling av ferie – både hjå manntalsleverandørane og i kommunane).

Men eg saknar ein meir omfattande og prinsipiell gjennomgang av prinsippa for og
reglane om manntalsføring. Etter Bømlo kommune si mening er tida no komen for ei
total omlegging av ordninga med manntalsføring. Nokre stikkord:

- Landsomfattande elektronisk manntal (men med nedbrekking på kommunenivå)
- Manntalet vert oppdatert fram til valdagen, eller så nær denne som praktisk
mogeleg (dette skjer også i dag med det elektroniske manntalet)
- Veljarane skal røysta i den kommunen der dei er busette (folkeregisterførte) på
valdagen, eller så nær som mogeleg opp til valdagen
- Avkryssingsmanntala vert utskrivne frå det elektroniske manntalet dagen før
valdagen. Dette skjer i den enkelte kommune (dette kan gjerast også i dag utan
praktiske problem)

- Førehandsrøystingar vert avkryssa i det elektroniske, landsomfattande manntalet, og kjem med i avkryssingsmanntalet
- Førehandsrøyster føl veljaren ved flytting til annan kommune

Endringstema nr. 2 (val og politiske meiningsmålingar):

Kommunen ser ikkje noko stort behov for lovregulering på dette området. Ei slik lovregulering vil også vera svært vanskeleg å gjennomføra i praksis.

Avsluttande kommentarar:

Fleire av dei uheldige utslaga som fullmaktskomiteen peika på etter stortingsvalet i 2005 – gjeld både for seint innkomne førehandsrøyster og ikkje minst feil under oppteljinga – skuldast etter vår vurdering ikkje reglane i vallova, men **dårlege prosedyrar** og **manglande disiplin** ved valavvikling og oppteljing. Dersom desse observasjonane er korrekte, er det ikkje først og fremst endringar i vallova som er rett medisin, men vesentleg sterkare satsing på opplæring og haldningsskapande arbeid.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE



Kristian Grutle
forvaltningssjef